

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FA-U43	19/336

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2021	Teknisk utval	PS	19.05.2021

Uttale - søknad om endra anleggskonfigurasjon på lokalitet Duesund

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
AcosSvarInn.xml	12.05.2021
Svar på søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS om endra anleggskonfigurasjon på lokaliteten Duesund i Masfjorden kommune	12.05.2021
AcosSvarInn.xml	12.05.2021
Engesund Fiskeoppdrett AS - Uttale til søknad om endring av anleggskonfigurasjon på lokalitet 11644 Duesund i Masfjorden kommune	12.05.2021
AcosSvarInn.xml	12.05.2021
Merknad til søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS om endra plassering av fôrflåte på lokaliteten Duesund i Masfjorden kommune	12.05.2021
Søknadsskjema	12.05.2021
Oversending Masfjorden kommune	12.05.2021
Kart - ny plassering	12.05.2021
Oversending søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS om endring i anleggskonfigurasjonen lokalitet Duesund	12.05.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune har ingen merknad til høyringsuttale endring av anleggskonfigurasjon på lokalitet Duesund. Engesund Fiskeoppdrett as ynskjer å sette inn ein ekstra for flåte for å auke den totale kapasiteten.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune har den 25.02.2021, mottatt søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om endring av anleggskonfigurasjon på lokalitet Duesund. Engesund fiskeoppdrett AS skriv at fôrflåten som er der i dag har lita kapasitet og dei vil ha inn ei ekstra fôrflåte øst for stålanlegget. Dette område er i dag klarert for tare dyrking og vil bli noko redusert for å få plass til flåten. Tareanlegget vert redusert frå 230 m til 195 m. Den sørlege delen av tareanlegget vert flytta omlag 50 m mot sør. Det er ikkje søkt om anna endring på lokaliteten.

Masfjorden kommune skal vurdere søknaden og legge søknaden ut på offentlig ettersyn.

Høyring

Søknaden er lagt ut for gjennomsyn på kommunehuset, Masfjordnes, i tida 22.03 – 22.04.2020, og på heimesida Masfjorden.kommune.no Det er kome inn 2 merknadar til saka. Vedlegg til saka.

Fakta

Vestland fylkeskommune send med dette kopi av søknad motteke 19.02.2021 frå Engesund Fiskeoppdrett AS om endra anleggskonfigurasjon på lokalitet 11644 Duesund i Masfjorden kommune Engesund fiskeoppdrett AS skriv at fôrflåten som er der i dag har lita kapasitet og dei vil ha inn ei ekstra fôrflåte øst for stålanlegget. Dette område er i dag klarert for taredyrking og vil bli noko redusert for å få plass til flåten. Tareanlegget vert redusert frå 230 m til 195 m. Den sørlege delen av tareanlegget vert flytta omlag 50 m mot sør. Det er ikkje søkt om anna endring på lokaliteten. Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Såkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast«supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta.

Vurdering

Rådmannen viser til mottatt søknad 25.02.2021 frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om endring av anleggskonfigurasjon på lokalitet Duesund. Ei slik endring av anleggskonfigurasjonen vil ikkje ha noko endring av produksjonen på lokaliteten. Forflåten vil verte liggande innsfor området avsatt til akvakultur i kommuneplanens arealdel.

Rådmannen legg med dette saka fram til politisk behandling.

Konklusjon

Masfjorden kommune har ingen merknad til søknaden om å auke produksjonen frå 780 tonn til 2340 tonn MTB på lokalitet Laberget, AK 6.

Teknisk utval - 007/2021

TU - behandling:

Stian Søvik stilte spørsmål om han var ugild i saka.

Saka vart drøfta av dei andre medlemene i utvalet, og at han ikkje var ugild i saka.

Saka vart drøfta., blant anna om støyvurdering fra anlegget er vurdert av søkjar.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - vedtak:

Masfjorden kommune har ingen merknad til høyringsuttale endring av anleggskonfigurasjon på lokalitet Duesund. Engesund Fiskeoppdrett as ynskjer å sette inn ein ekstra for flåte for å auke den totale kapasiteten.